



Skal informera om Kystsogevekene

Torsdag neste veke vert det informasjonsmøte om Kystsogevekene i kommunestyresalen. Dagleg leiar Kjell Magnus Økland ynskjer då å orientera om kva Kystsogevekene arbeider med for tida, og eventuell vidare utvikling. Økland har vore leiar i stiftinga sidan januar i fjor.

I år vert Kystsogevekene arrangert i perioden frå 4. august til 16. september.

“ – Det skulle vere ekte flaggermus me leita etter

Rasmus Hustad (8), på Tårnagenthelg i Tysnes kyrkje i helga, medan han saumfarte rommet etter flaggermus-merke.



VER SÅ GOD: Lars Sorknes, ved Joker Uggdal, inviterte kundane på kakefest fredag ettermiddag. Anna Aarbakke Hovdenes seier ikkje nei takk til eit stykke.

Håpar bygda blir den nye «Verdalen»

Butikksjef Lars Sorknes trur det blir fleire stor gevinstar til sambygdingane i Uggdal.

Fredag ettermiddag inviterte Joker Uggdal på kakefest.

20. februar stakk Einar og Kari Frøyseth av med 1,5 millionar kroner i Norsk Tipping sitt Extra-spel. Vinnarkupongen var kjøpt hos Joker Uggdal, og fredag spanderte Norsk Tipping ei stor og fin marsipankake på kundane.

– Uggdal blir nye Verdalen, seier ein smilande butikksjef, i det han deler ut kakestykke til kundane.

Kommunen i Trøndelag er kjent for sine mange millionærar. Kanskje blir det slik i Uggdal også, håpar butikksjefen.

– Tusen takk, seier Anna Aarbakke Hovdenes, som får æra av å smaka det første stykket.

– Eg tippar kvar veke. Viss eg har gløymt det, får eg nesten panikk, seier Hovdenes og ler.

For dei fleste lar storgevinsten venta på seg, men skulle det bli litt ekstra pengar på kontoen, er ønskja klare.

– Det hadde gjort seg med ein tur til varmare strøk, seier Ann-Kristin Magnussen, og kikkar ut på det vinterkledde Tysnes.

I mellomtida er det berre å nyta kakestykket inne i varmen, og kryssa fingrane for at «dei rette» tala blir trekte ut på laurdag.

INGUNN GJÆRDE
Ingunn@tysnesbladet.no



MARSIPANKAKE: Norsk Tipping spanderte kake på butikken som selde vinnarkupongen på 1,5 millionar.



DRØYMER: Ann-Kristin Magnussen (f.v.), Bente Heie og Anna Aarbakke Hovdenes liker å prøva lukka hos Norsk Tipping. Kanskje er det ein av dei som eig vinnarloddet på laurdag?